

Referat frå soknerådsmøte i Fresvik 24/11-2019

Desse møtte: Geir Ove Bøthun, Rolf Arne Olsen, Frode Høgberg, Bente Settevik og Marianne Bøthun. Ingvar Vangsnes møtte som vara for Stein Arne Larsson som var sjukmeldt.

Sakliste:

51 /19 – Innkalling og sakliste. Godkjent.

52 /19 – Referat frå sist møte. Sendt ut ved tidlegare sokneråd; godkjent.

53 /19 – Konstituering av nytt sokneråd etter valet.

Nytt sokneråd er som presentert i sist møte: Marianne Bøthun, Geir Ove Bøthun, Rolf Arne Olsen og Bente Settevik som faste medlemmar. 1.vara er Frode Høgberg (fast møtande) og 2.vara er Hans Ivar Bøthun. Øvrige vara er Ragnvald S. Grov (3) og Vegard S. Skogheim (4).

Leiar og sekretær: Marianne Bøthun

Nestleiar og vara til Fellesrådet: Frode Høgberg

Kasserar: Geir Ove Bøthun (Sigmund Hauglum er kasserar ut 2019)

Utsending til fellesrådet: Rolf Arne Olsen. (Første møte er kl 11 29/11 d.å).

Styremedlem: Bente Settevik

54 / 19 – Gudstenesteliste

- 1.desember kl 19.30 Lysmesse. (Bente og Marianne er vertar.) Takkeoffer bestemt til Kirkens Bymisjon, avd. Vest.
- 24.desember kl 14.00 familie gudsteneste. (Geir Ove og Rolf er vertar.) Takkeoffer bestemt til kyrkjelydsarbeid i eige sokn.
- 23.februar 2020 gudsteneste (meir info. kjem)

Soknerådet møter i kyrkja 14.desember og pyntar juletre. Marianne gjer avtale med Anne Marie Øyri om hogging av tre.

Marianne sitt tlf nr. skal gjevast opp for evt. tinging av kyrkjeskys til gudstenestene. Ho formidlar vidare til dei andre soknerådsmedlemmane etter trong.

55 / 19 – Førespurdnad frå Bjarne Bjørkevoll om å få halda julekonsert i kyrkja

15.desember

Skulekorpset med dirigent Bjarne Bjørkevoll, Rolf Arne Olsen m/ syngegruppe, Siri W. og Guro Bøthun ynskjer å halda julekonsert. 15.desember kl 17.00. Konserten er gratis.

Soknerådet ser svært positivt på dette og gjev løyve, samt vil yta hjelp til arrangementet. Ingvar formidlar vidare slik at det vert sett på varme i kyrkja.

56 / 19 – Ungdomsklubben.

Ungdomsklubb 30/10 vart dessverre utegløymt og dermed avlyst. Likeså gjer me vedtak om å avlysa klubben 27/11. Dette fordi me kjenner trong for å undersøka litt meir kring kven som er/vil på klubb, kva aktivitetar etc. me bør ha før me set i gong igjen. Marianne har hatt kontakt med primus motor Trond Kråkevik i Balestrand og vil orientera han. Me prøver å koma sterkare tilbake med klubbaktivitet på nyåret.

-

57 / 19 – Utsending til Kurs for nye sokneråd på Lyngmo

Rolf Arne Olsen hadde høve til å reisa, men vart forhindra då ferjene ikkje gjekk denne kvelden grunna vøling på kaien.

58 / 19 – «Teljeverk» ved bru i Kyrkjeteigen i Skard

Anne Marie Øyri har retta ein førespurdnad til Fresvik sokneråd om løyve til å setja opp eit teljeverk for å synleggjera tal passeringar med tanke på å få ei viss oversikt over bruk av området, då særskilt som utfart inn i verdsarvområdet.

Soknerådet gjev løyve til dette.

Neste møte i soknerådet: Blir bestemt seinare.

Skrivar: Marianne B

